



uskedeling Anlaug Isdal røyster

Vi vil aldri få veta kor mange uskedelingar som hadde stemmerett ved dette valet. Heller ikkje vil vi få veta kor mange frå vår bygd som faktisk stemte. Valg-general Geir Mogren gjer det klårt når valet er omtrent halvvegs i Rosendal. Det einaste som verkar klårt etterat uskedalen.no har vore fluge på veggjen ein time er at innslaget har vore beskjedent frå vår bygd. Med atterhald om at vi ikkje kjenner alle var det berre 5 uskedelingar som røysta i denne timen. For uskedelingane har dette vore det hemmelegheitsfulle valet. Lat oss håpa at det neste valet får ein annan merkelapp!



Uskedaling Bjørn Olav Tveit er urnevakt

Men det var i alle fall rundt rekna 3000 som hade røysterett i Rosendal og ein kjend uskedaling hadde ein nøkkelrolle i avvkinga.

Det var nybaka rektor ved ungdomsskulen Bjørn Olav Tveit, som hadde elskverdig teneste som urnevakt. Og apropos urner: Dei vert stadig meir enkle, men også stadig meir vanskeleg tilgjengelege. Det er ikkje så stor sprekk setlane skal gjennom lenger og det anar oss at tastetrykket er like rundt hjørnet også i valsamanheng. Kvifor ikkje likegodt ta heile dataspranget fyrst som sist?

Bjørn Olav sa i ein situasjonsrapport at frammøtet hadde vore jamnt og bra på sundagen og likeeins upåklageleg måndag fram til klokka 12. men då kom det ein kollaps og den registrerte vi. No vert det spanande korleis det utviklar eg framover mot kvelden.

Tekst, foto og nett Ola Matti Mathisen